



## Statens vegvesen

Advokatfirmaet Schjødt AS – Oslo  
PO Box 2444 Solli  
0201 OSLO

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Åse-Birgitte Berstad / 92694926

Vår referanse:  
16/43624-93

Dykkar referanse:

Vår dato:  
12.12.2018

### Rv. 5 Gravensteinsgata – Sykkelveg m/fortau – Svar på merknader til reguleringsarbeid frå AMFI Sogningen

Advokatkontoret Schjødt har på vegne av AMFI Sogningen sendt ein merknad til reguleringsplanarbeidet for rv. 5 Gravensteinsgata – sykkelveg med fortau. Dei meiner innspela frå Amfi Sogningen ikkje har blitt tilstrekkeleg vurdert så langt i planprosessen, og har derfor sendt ytterlegare merknader til saka før den skal handsamast i kommunestyret den 13. desember 2018.

Schjødt ynskjer at kommunen og Statens vegvesen vurderer merknadane før kommunestyret si handsaming og at kommunestyret sine medlemmer får kopi av brevet i god tid før saka skal vedtakast. Dei ber òg om at planforslaget blir justert i tråd med forslaga frå AMFI Sogningen eller at kommunestyret utset planvedtaket i påvente av forhandlingar.

Merknadane går i hovudsak ut på at planforslaget ikkje tek omsyn til kjøpesenteret sine ynskje om flest mogleg parkeringsplassar og at Statens vegvesen har avvist konkrete forslag til løysingar som AMFI Sogningen har presentert. Reguleringsplanen inneber at det vert fjerna parkeringsplassar på framsida av senteret (bakkeplan). Schjødt/AMFI Sogningen meiner i tillegg at tilkomsten til senteret verkar uavklart.

### Svar frå Statens vegvesen:

Statens vegvesen drøfta den innkomne merknaden i møte med sakshandsamar og rådmann i Sogndal kommune den 11. desember 2018. Både Statens vegvesen og Sogndal kommune er positive til dialog vidare med AMFI Sogningen, og ynskjer å finne praktiske løysingar for kompensasjon av tapte parkeringsplassar. Vi ber derfor i første omgang om eit møte med representantar for AMFI Sogningen så snart som råd.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
fir mapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Staten vegvesen er likevel klar på at vi ynskjer den utforminga som er skissert i reguleringsplanen. Dette inneber at det vert 32 parkeringsplassar att på bakkeplan på framsida av senteret, av dagens 56 plassar. Det vil seie eit tap på om lag 5 % det samla talet på P-plassar ved AMFI Sogningen (tal frå Sogndal kommune). Som tidlegare nemnt, er mindre overflateparkering i tråd med den ynskta sentrumsutviklinga i Sogndal, og er vedteke mellom anna i kommuneplanens arealdel.

### **Alternative løysingar:**

AMFI Sogningen har presentert ulike forslag til løysingar både i møte og merknader/innspel til planarbeidet. Statens vegvesen har vurdert og kome med tilbakemelding på dei konkrete forslaga som ligg innanfor planen sine grenser. Forslag om erstatning av parkeringsplassar på areal som ligg utanfor planområdet vil måtte drøftast som ein del av vidare prosess med detaljprosjektering av prosjektet, det vil seie etter av planen er vedteken. Det vil framleis vere rom for å finne praktiske løysingar både i og utanfor planen sine grenser. Eit aktuelt alternativ som kan drøftast vidare saman med Sogndal kommune er eventuell endring av rømmingsveg frå parkeringskjellaren under senteret.

Ei etablering av seks nye parkeringsplassar i området ved Meny-kafeen ser vi ikkje på som ei god løysing – som vi òg har kommentert etter merknad til offentleg ettersyn. Den mest tungtvegande årsaken er at det hindrar ein universelt utforma tilkomst til senteret sin hovudinngang. Det fører òg til tap av utandørs opphaldsareal (Meny-kafeen), som det elles er lite av i området.

Når det gjeld arealet mellom vestre og midtre inngang til AMFI Sogningen, peikar vi på at dette er eit kompensierende tiltak for fjerning av trekker langs Gravensteinsgata. Vi vil igjen understreke at endringa er viktig for å sikre estetisk kvalitet og gi ein betre visuell heilskap i gaterommet. Dersom det føreslegne arealet til grøntanlegg og treplanting vert fjerna til fordel for parkeringsplassar, vil trafikkarealet fortsatt dominere i gaterommet – noko som ikkje er i tråd med den ynskta utviklinga for Sogndal sentrum. Som før nemnt er det ikkje mogleg å ta vare på dagens trekker når det skal byggast ny sykkelveg med fortau mellom riksvegen og køyrevegen ved AMFI Sogningen. Samstundes vil endringa til langsgåande parkeringsplassar gi eit meir oversiktleg trafikkbilde langs den interne køyrevegen til AMFI Sogningen og slik sett sikre at gåande kan ferdast på fortau, utan ryggande bilar.

Planen gir ikkje grunnlag for at Statens vegvesen kan oreigne dette arealet, sidan det ikkje vert regulert som offentleg. Trafikkarealet (dvs. den interne køyrevegen og parkeringsplassar) og areal sett av til «gatetun» langs senteret vil framleis vere i privat eige. Sjølv med ein vedteken plan kan ein derfor velje å la arealet liggje som i dag (– men truleg med 10 oppmerka parkeringsplassar i staden for 11, for å tilfredsstille krav til breidde og lengde på parkeringsplassane). Vi ynskjer likevel å regulere området slik planforslaget viser, for synleggjere ynskt utvikling for området.

**Tilkomst til senteret:**

Når det gjeld tilkomst til senteret og ein eventuell stenging av innkøyring frå Gravensteinsgata til Leighgota for personbilar, vil vi presisere at reguleringsplanen i seg sjølv ikkje gjev noko endring i høve dagens situasjon. Den fysiske utforminga av krysset i reguleringsplanen sikrar tilkomst for varebil, og dermed også for personbilar. Som nemnt i kommentar til merknad til offentleg ettersyn, har Statens vegvesen tilrådd at innkøyring til Leighgota vert stengd for personbilar, men dette må vurderast som ei eiga sak vidare både av Sogndal kommune og Statens vegvesen. Det er ikkje mogleg å avklare dette spørsmålet nærare på dette tidspunktet.

Korleis situasjonen vert under anleggsperioden er òg svært vanskeleg å svare på. I kommentar til merknad til offentleg ettersyn har vi svart at tilkomst til (framsida av) senteret truleg vil bli stengt i periodar. Når prosessen med byggeplan er komen i gang må ein lage ein plan for trafikkavviklinga, og finne dei mest praktiske løysingane i samråd med dei næringsdrivande i området. Dette kan til dømes vere stenging i korte periodar eller til visse tider av døgnet.

Med helsing

Berstad Åse-Birgitte  
Planleggingsleiar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Sogndal kommune – Plan og Næring, Postboks 153 , 6851 SOGNDAL